

Multiconsult Norge AS Avd Bergen  
Torunn Åsheim  
Nesttunbrekka 99  
5221 NESTTUN

Referanser:  
Dykker:  
Vår: 20/1104 - 21/19178

Saksbehandlar:  
Lennart Falkenberg-Arell  
lennart.falkenberg-  
arell@alver.kommune.no

Dato:  
19.03.2021

## **Melding om mellombels stans i sakshandsaming - Detaljreguleringsplan for Toska fritidssenter gbnr. 443/9 mfl. PlanID 12602017000700**

Viser til Multiconsult AS si innlevering av komplett planforslag for Toska fritidssenter til 1 gongs handsaming journalført 16.3.2021 i arkiv sak 20/1104.

### Avgjerd

Alver kommune vurderer at planforslaget ikkje er i tråd med gjeldande praksis og føringar for korleis reguleringsplanar skal utarbeidast og korleis planprosessar skal gjennomførast. Mellombels stans i kommunal sakshandsaming vert oppheva når eit revidert og faktisk komplett planforslag vert sendt inn til kommunen på nytt for 1. gongs handsaming.

### Grunngjeving

Forslagsstiller har ikkje vore i kontakt med Alver kommune si planavdeling før innsending av planforslaget og det har ikkje vore merknadsmøte etter varsel om oppstart. Oppstartsmøte vart heldt 3.7.2017 og varsel om oppstart vart kunngjort 11.5.2019 og 17.10.2019. Alver kommune reknar innhald i referat for oppstartsmøte i si heilheit som utdatert og kan ikkje leggast til grunn for utarbeiding av reguleringsplanen.

Generelt kan ikkje Alver kommune sjå at forslagsstiller ved utforming av reguleringsplanen har ivaretatt dei innspela som vart sendt inn av høyringsinstansane ved varsel om oppstart.

Multiconsult AS har mange oppdrag for utarbeiding av reguleringsplanar i Alver kommune, og vi legg til grunn at kommunen sine krav til utforming av reguleringsplanar er godt kjent.

Under er ei kort liste over nokre tema som må vera del av ny innsending av komplett planforslag:

- Forslagsstiller skal vurdera tiltak i plan opp mot gjeldande forskrift om konsekvensutgreiingar. I referat frå oppstartsmøte er det kryssa av for at planen ikkje utløyse KU plikt etter gamal forskrift. Sidan planen ikkje har nokre planinitiativ og planskildringa berre viser til oppstartsmøte så har ikkje kommunen nokre dokument

- som faktisk viser til at forslagsstiller har gjort nokre vurderingar av tiltak i plan opp mot forskrift. Det må gjerast særlege vurderingar opp mot bygging innanfor 100 meters beltet som er framleis gjeldande for denne planen, då verken kommunedelplan for Radøy, eksisterande reguleringsplan og forslag til ny reguleringsplan viser nokre byggegrenser mot sjø. Vurderingar kring planens påverknad på landskap, LNF, friluftinteressar og anlegg i sjø må og vurderast opp mot gjeldande KU-forskrift.
- VA-rammeplan for heile planområde må utarbeidast og skal vera ein del av planforslaget jf. KDP for Radøy 2011-2023, delrevisjon 2019 punkt 2.3.3. VA-norm for Meland og Lindås skal leggast til grunn for utforming av VA-rammeplan og vidare detaljprosjektering.
  - Alt av veganlegg i plan skal vera utforma i tråd med Statens vegvesen si handbok N100 og detaljprosjekterast etter handbok R700. Det skal leggast ved BCDU og kryssteikningar ved ny innsending. Plankartet skal utformast i tråd med tekniske teikningar. Vegar skal tote 12 tonn akseltrykk. Vegar kan ikkje ha ei stigning som overstige 1:8 jf. KDP 2.3.1.
  - Trafikkanalyse må utarbeidast. På bakgrunn av analysen og overnemnde prosjektering vil ein sjå kva rekkefølgjekrav som eventuelt må setjast før ein kan byggje ut i område.

Alver kommune anbefaler i fyrste omgang at forslagsstiller før alt anna, tek dei innspela som vart sendt inn ved varsel om oppstart og saman med tiltak i plan gjer ei KU vurdering opp mot gjeldande forskrift. Notatet kan sendas til Alver kommune og på kopi til underteiknande rådgjevar. Kommunen er planmynde og vil på bakgrunn av forslagsstiller si vurdering gjera ei eige vurdering av tiltak i plan opp mot KU-forskrifta. Vedlagt ligg KMD si gjeldande rettleiar for korleis ein skal vurdera om ei plan er KU pliktig eller ikkje.

Referatet frå oppstartsmøte i Radøy inneheld ingen uttaler frå dei ulike kommunale avdelingar. Ynskjer forslagsstiller tilbakemeldingar frå dei andre kommunale avdelingar før 1gongs handsaming må KU-vurderinga vert teke inn i eit planinitiativ som sendast til kommunen for intern høyring.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

**Vedlegg:**  
1.KU\_rettleiar\_februar\_2020

**Kopi til:**  
Statsforvaltaren i Vestland  
Vestland fylkeskommune

|               |      |        |
|---------------|------|--------|
| Kaigaten 9    | 5020 | BERGEN |
| Postboks 7900 | 5020 | BERGEN |

**Mottakarar:**  
Multiconsult Norge AS Avd Bergen      Nesttunbrekka 99      5221      NESTTUN